



## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:  
**Formannskapet**

Møtedato: **27.05.2019** Sak nr:  
**27/19**

**Saksbehandlar:** Svein Oftedal  
**Arkivsak:** 19/555-4

**Arkiv:** 144 K2

### KLIMA- OG MILJØPLAN

#### Bakgrunn for saka

I planstrategien for inneverande periode er det vedteke at gjeldande Energi- og klimaplan skal reviderast. Forslag til Klima- og miljøplan er å sjå på som ein slik revisjon, med noko utvida temautval.

Det er vedteke ei eiga statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som regulerer premisser for innhald og verknad i klimaplanlegginga i kommunane.

#### Om planen

Forslaget til Klima- og energiplan er utarbeidd som ein temaplan. Det er likevel lagt opp til at behandlinga skal vere i samsvar med plan- og bygningslova, dvs med full høyringsrunde. Det blir også lagt opp til at essensen frå planen blir innarbeidd i kommuneplanen ved neste kommuneplanrevisjon.

Det er utarbeidd eigen planretteleiar i utarbeiding av klima- og energiplanar. Temavalet i forslag til plan er i tråd med denne, men også supplert med nokre tema innan miljøproblematikken som har mindre med klima å gjere. Desse emnene er tekne inn med grunnlag i interpellasjonar i kommunestyret eller fordi det er dagsaktuelle tema. Planen er ikkje på nokon måte uttømande innan miljøtema.

Dei fleste av emnene er kort omtalte, og vil måtte konkretiserast i anna kommunalt planverk.

Klimatilpassing er kort omtalt i eige kapittel. Dette emnet vil bli viktig framover. Korleis kan kommunen tilpassa seg eit endra klima med meir ekstreme nedbørsmengder og endra produksjonsvilkår i landbruket?

Energi- og klimaplan for Klepp 2010-2021 blei utarbeidd av ekstern konsulent. Den har eit svært fagleg preg, med mykje tal, faguttrykk og tunge tabellar. Fagleg sett ein god plan, men vanskeleg å setja seg inn i for folk flest. Den tunge forma har nok gjort at planen i liten grad har blitt nytta slik den skulle.

I planforslaget som nå blir lagt fram er det lagt relativt lite vekt på statistikk og faguttrykk. Forma skal vere lett, og stoffet skal vere enkelt å tileigna seg.

Planforslaget inneheld ein handlingsdel for 2019. Handlingsdelen er tenkt revidert årleg og vil vere innspel til økonomiplanen. Det er også lagt opp til ein årleg rapport som skal gjere greie for kva som er oppnådd innan feltet klima og miljø siste år.



### **Vidare saksgang**

Planforslaget har blitt presentert i Hovudutval for lokal utvikling, der det blei gitt høve til å kome med innspel til planen. Etter første gongs behandling i formannskapet skal planen sendast ut på høyring. Deretter skal saka andregongsbehandlast i formannskapet før endeleg behandling i kommunestyret.

Før høyringa har det vore arrangert møte med veksthusnæringa i regi av Klimanettverk Jæren. Planen er også sendt på ei ekstra høyring til elevråda ved skulane i Klepp.

### **Vurdering**

Fleire av emnene i planen er store og tunge der politikken langt på veg blir lagt på internasjonalt og nasjonalt nivå. På mange felt manglar vi som kommune verkemiddel som monnar. Likevel ser rådmannen det som viktig og riktig at vi «feiar for eiga dør». Vi ser også at det er stort engasjement i samfunnet for disse spørsmåla, td elevstreikane for klimaet.

Kommunen bør også leggja vekt på haldningar til desse spørsmåla, og setja inn tiltak der vi har verkemiddel og der vi har kunnskapsgrunnlag til å seie at dette har positiv effekt på klima og miljø.

Dei økonomiske konsekvensane av planen vil bli presentert i den årlege handlingsplanen. Sidan det skal utarbeidast ein årleg årsrapport, vil den kunne vere korrigerande på dei tiltaka som bli bestemte i handlingsplanen.

Rådmannen meiner planen gir eit godt grunnlag for arbeidet med klima- og miljøraker, og at planen gir viktige signa og innspel til andre planar i plansystemet i kommunen.

### **Risiko- og sårbarhetsvurdering**

Eit ustabilt klima vil gi utfordringar også innan beredskapen. Kommunen sin overordna risiko- og sårbarhetsanalyse tar for seg ulike scenarior ved ekstremver. Framover vil kommunen måtte sjå på beredskap og klimaendringane i tett samanheng.

### **Vedlegg:**

- Forslag til klima- og miljøplan

### **Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Forslag til Klima- og miljøplan 2019-2034 blir lagt ut til offentleg ettersyn.

### **Formannskapet den 27.05.2019 sak 27/19**

### **Samrøystes VEDTAK:**

Forslag til Klima- og miljøplan 2019-2034 blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Rett utskrift, 06.06.2019

Marita Gamlemshaug Teigen  
formannskapssekr.